



Arkivnr: 2019/646-4
Saksbehandlar: Even Vaular

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		05.06.2019
Fylkesutvalet		20.06.2019

Omklassifisering av Fv66 Sagvåg ferjekai i Stord kommune

Samandrag

Etter førespurnad frå Stord kommune om kjøp av den nedlagte ferjekaia i Sagvåg vart det starta opp arbeid med omklassifiseringssak av Fv66 frå krysset med Fv545 Sagvågvegen til ferjekaia. Kaia vart nedlagt i 2001 då trekantsambandet opna. Den er ikkje beredskapskai eller eit aktuelt kulturminne og kan såleis avhendast, i samsvar med vedtak i fylkesutvalet mai 2000. Statens vegvesen har utgreidd saka, henta uttake frå kommunen og har kome med forslag til vedtak.

Statens vegvesen og Stord kommune gjennomførte felles synfaring 20. mars 2017, der det vart sett på kva som må utbetrast av fylkeskommunen før overføring til ny vegeigar. I påfølgande høyringsrunde uttalte kommunen at vegstykket mellom kryss ved Fv545 og avkøyrsla til Sagvåg sentrum burde verta oppretthaldd som fylkesveg, då den var viktig som lokal samlevegfunksjon. Vegvesenet meiner vegstykket etter gjeldande kriterium ikkje tener som fylkesveg, og at ein attstående, kort arm med fylkesveg her vil vera lite tenleg. Fylkesrådmannen støttar denne vurderinga, og meiner det vil sikra einsarta og tenleg drift av vegnettet.

Vegvesenet har estimert kostnadane knytt til opprusting av vegen etter NA-rundskriv 97/13 til 375.192 kr eks. mva, med atterhald om at pris kan endra seg noko avhengig av kven som utfører arbeidet.

Økonomi: Kostnadar til påkravde utbetringar i samband med omklassifisering av fylkeskommunal veg vert handtert innanfor fylkesvegbudsjettet. Endringar i meter fylkesveg medfører endringar i rammetilskotet til fylkeskommunen, men også i drifts- og vedlikehaldskostnadar.

Klima: Tiltaket vil ha liten eller ingen verknad på klimaet.

Folkehelse: Tiltaket vil ha liten eller ingen verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tiltaket har ingen direkte samanheng med mål og strategiar i Regional planstrategi.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtar at Fv66 i Sagvåg (Stord kommune), frå krysset med Fv545 Sagvågvegen til ferjekaia (hp1 0-0,706) vert omklassifisert til kommunal veg.

Før overlevering til kommunen skal vegen setjast i stand som avtalt etter felles synfaring og høyringsrunde.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 17_17056-10Omklassifisering - fv.66 - Sagvåg fergekai - Stord kommune med vedlegg

Fylkesrådmannen, 22.01.2019

Bakgrunn

Etter førespurnad frå Stord kommune om kjøp av den nedlagte ferjekaia i Sagvåg vart det starta opp arbeid med omklassifiseringssak av Fv66 frå krysset med Fv545 Sagvågvegen til ferjekaia. Saka gjeld omklassifisering av totalt 706 meter fylkesveg til kommunal veg. I dette inngår ferjekaia, som er del av fylkesvegen. Ferjekaia vart nedlagt i 2001 i samband med opninga av trekantsambandet, og er ikkje beredskapskai eller eit aktuelt kulturminne. Det er såleis ei fylkeskommunal kai som kan avhendast, i samsvar med vedtak i fylkesutvalet mai 2000.

Om omklassifisering

Etter veglova §7, 2. ledd, er det fylkeskommunen som, etter uttale frå kommunen, gjer vedtak om omklassifisering til kommunal veg. Fylkeskommunen må som vegeigar påkosta utbetring av veggen etter tekniske krav og retningslinjer i NA-rundskriv 97/13¹ før overføring til ny eigar.

Gjennom rammetilskotet får fylkeskommunen midlar etter kilometer fylkesveg, men kommunane har ikkje ei tilsvarende ordning. For fylkeskommunen medfører det eit inntektstap, men også lågare drift- og vedlikehaldskostnader. Kommunane får ikkje kompensert for sin auke i kostnader for drift- og vedlikehald. Likevel kan ein seia at kommunane ofte får noko att i slike omklassifiseringssaker. Eit vanleg scenario er omklassifisering av gamal fylkesveg til kommunal veg, der ein har fått bygt ein ny og betre fylkesveg. I dette tilfellet får kommunen tilgang på kai og sjøtilgang.

Grensedraging mellom kommunal veg og fylkesveg

Gjeldande kriterier for grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar går fram av Samferdselsdepartementets brev til fylkeskommunane i brev av 26. mars 1985, med følgjande hovudpunkt:

a) Storbyar/byar (over 5000 innbyggjarar)

Grensa mellom fylkesvegar og kommunale vegar vert trekt mellom samlevegar og åtkomstvegar slik desse er definert i vegnormalane.

b) Mindre tettstadar (opp til 5000 innbyggjarar)

Fylkesvegar i tettstadar opprettheld si klassifisering i sjølve tettstaden fram til kryss med riksveg eller fylkesveg, eller kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning.

c) Spreittbygde - / grisgrendte områder

Ein fylkesveg skal ha eit befolkningsunderlag på minst 50 personar. Fylkesvegen skal førast fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning.

Saksutgreiing og prosess

Det vart gjennomført felles synfaring med representantar for Statens vegvesen og Stord kommune 20. mars 2017, der det vart sett på kva som må utbetrast av fylkeskommunen før overføring til ny vegeigar. Til grunn for denne gjennomgangen låg NA-rundskriv 97/13.

Statens vegvesen har utgreidd saka og har kome med forslag til vedtak. I tråd med §7 i veglova har dei vidare henta inn uttale frå kommunen. I uttalen frå Stord kommune, dagsett 6. februar 2018, kjem kommunen med tre innvendingar mot omklassifiseringa, slik den er skildra i høyringsbrevet frå Statens vegvesen.

- 1) Kommunen skriv: "Med bakgrunn i at fylkesvegen er viktig som lokal samlevegfunksjon meiner Stord kommune at denne bør oppretthaldast frå Fv.545 og fram til avkjørsla til Sagvåg sentrum."
- 2) Kommunen krev at kantar i overgang til nytt asfaltdekke vert utbetra.
- 3) Kommunen krev at veglysanlegget vert oppgradert med LED-armaturar i tråd med Statens vegvesen si handbok V 124.

¹ NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikrafttredelse av vegloven §7»

Kommunen konkluderer i sin uttale med følgjande:

"Stord kommune aksepterer at del av Fv- 66, strekninga mellom nedlagt ferjekai og avkjørsla til Sagvåg sentrum vert omklassifisert til kommunal veg. Det vert føresett at gjeldande krav til teknisk standard i NA-rundskriv 97/13 med våre tilføyingar og kommentarar vert gjennomført før omklassifisering".

I saksutgreiinga til Statens vegvesen (ligg som vedlegg til saka) kjem vegvesenet med tilsvar til kommunen sine innvendingar.

- 1) Vegvesenet har i sine vurderingar lagt til grunn gjeldande kriterium for grensedraging mellom kommunal og fylkeskommunal veg. Dei meiner det er lite tenleg om det vert ståande att ein 200 meters stubb med fylkesveg. Vegvesenet vurderer at vegen i stor grad er ein tilkomstveg for bustader, båthamn og noko industri, samt den nedlagte ferjekaia, som ikkje lenger er "av regional betydning". Dette tilseier at Fv66 bør ha status som kommunal veg.
- 2) Vegvesenet kjem Stord kommune i møte på dette punktet, men presiserer at reasfaltering vil verta gjennomført i overgangen til nytt asfaltdekke og ikkje på heile området.
- 3) Vegvesenet skriv at veglysanlegget vil verta oppgradert i samsvar med NA-rundskriv 97/13, som seier at lamper skal skiftast når lysstyrken er under 75 prosent av nyverdi. Etter synfaringa er det på strekninga frå Sagvåg sentrum til ferjekaia stadfesta *åtte* armaturer som må skiftast. Dette vil verta gjennomført i tråd med gjeldande kriterium og tilrådingar for veglys.

Framlegg til vedtak frå Statens vegvesen

Statens vegvesen føreslår at Fv66 frå krysset med Fv545 Sagvågvegen til ferjekaia (hp1 0-0,706) vert omklassifisert til kommunal veg.

Vegvesenet har estimert kostnadane knytt til opprusting av vegen etter NA-rundskriv 97/13 til 375.192 kr eks. mva, med atterhald om at pris kan endra seg noko avhengig av kven som utfører arbeidet.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen legg til grunn Statens vegvesen si vurdering av Fv66 sin funksjon, inkludert den første delen av vegen (frå kryss ved Fv545 Sagvågvegen til avkjørsla til Sagvåg sentrum) som kommunen ikkje ønskjer å overta. Som vegvesenet påpeikar er det lite tenleg med «ein 200 meters stubb med fylkesveg», særleg med tanke på drift av vegen. Omklassifisering i tråd med tilrådinga frå vegvesenet gir eit logisk samanhengande kommunalt vegnett kring Sagvåg sentrum, som vil vera tenleg for ein einsarta vegdrift i området.

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet gjer vedtak i tråd med forslaget til vedtak frå Statens vegvesen.